

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.01.2020

## Rom for møte - folkebibliotek som lokal integreringsarena

### Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser at folkebiblioteka kan spele ei viktig lokal rolle for å oppnå politiske målsetjingar innan integrering som eit offentlig innsatsområde.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer at fylkeskommunen skal ha eit regionalt ansvar for å koordinere og utvikle biblioteka innan inkludering.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjev fylkesrådmann fullmakt til å utlyse midlar til prosjekt i kommunane i samsvar med prosjektplan. Utvalet handsamar tildelingssak i april.

### Samandrag

Fylkeskommunen har saman med Bergen Off. Bibliotek og Det Felles Innvandrerråd i Hordaland blitt tildelt 1 420 000 kr frå Gjensidigestiftelsen til integreringsprosjektet Rom for møte 2019-2020. Prosjektet har som føremål å bidra til mangfold og betre integrering mellom nordmenn og innvandrarar, ved å ta i bruk felles arenaer og aktivitetar knytt til folkebiblioteka.

Vestland fylkeskommune har totalt 237 500 kr tilgjengeleg for utdeling til kommunar utanom Bergen i 2020. Dei kan søke om midlar til lokal integreringsaktivitet. Ut frå tilsegnar frå Gjensidigestiftelsen som vart gitt før fylkessamanslåinga, gjeld utlysinga berre for Hordaland-området

Per Morten Ekerhovd  
fylkесdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Kriterium Rom for møte - folkebibliotek som lokal integreringsarena

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I arbeidet med å etablere Vestland som ny region, er det lagt opp til at fylkeskommunen skal styrkast med oppgåver og funksjonar på integreringsområdet. Dette byggjer vidare på fylkeskommunen sitt arbeid som eit tydeleg bindeledd mot kommunar, frivillig sektor og andre samarbeidspartar, som kulturfeltet si store kontaktfalte allereie i dag. Saka viser korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunale folkebibliotek og frivillige for å oppnå politiske mål innan integrering, som ein del av inkluderingsfeltet.

### Folkebiblioteka som integreringsarena

Biblioteket er hjarte i mange lokalsamfunn, som ein open og attraktiv møteplass for alle i kommunen med arrangement og andre tilbod. På integreringsområdet er det til dømes etablert språkkafear på mange biblioteket. Der får innvandrarar møte andre i lokalsamfunnet, utveksla kulturelle erfaringar og prøvd sine norskunnskapar.

### Samarbeid med frivillige

Integrering og inkludering skjer lokalt i kommunane, og frivillige lag og organisasjonar er ein viktig samarbeidspart for biblioteka. Dei frivillige organisasjonane representerer ein ressurs i lokalsamfunna, og samarbeid med frivillige er viktig med tanke på å skape møte mellom menneske og kulturar. Biblioteka stiller gjerne bibliotekrommet til disposisjon for lokale lag og organisasjonar og kan ha ein koordinatorrolle i lokalsamfunnet.

### Fylkeskommunen og bibliotekutvikling

Ifølge Biblioteklova skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling. Seksjon for bibliotekutvikling har ei sentral og samlande rolle ved å arrangere kurs og konferansar, rådgjeving og rettleiing til biblioteka. Ved å vere engasjert i utviklingsprosjekt og ved å vere aktiv innan innovasjon og utvikling, realiserer seksjonen nasjonale og regionale føringar og innsatsområde i kommunane. Eit døme på dette er koordinering og organisering av tiltak innan integreringsfeltet gjennom prosjektet *Rom for møte*.

### Rom for møte - folkebiblioteka som ein lokal integreringsarena

Som eit verkemiddel for å hjelpe folkebiblioteka som integreringsarena, har fylkeskommunen saman med Bergen Off. Bibliotek og Det Felles Innvandrerråd (DFI) i Hordaland blitt tildelt 1 420 000 kroner frå Gjensidigestiftelsen til integreringsprosjektet Rom for møte 2019-2020. Vestland fylkeskommune har 237 500 kr tilgjengeleg for utdeling til kommunane utanom Bergen i 2020. Ut frå tilseigna frå Gjensidigestiftelsen som vart gitt før fylkessamanslåinga, gjeld utlysinga berre for Hordaland-området. Kommunale folkebibliotek kan søkje om midlar til lokal integreringsaktivitet.

I desember 2020 kom ei ny tildeling frå Gjensidigestiftelen på 1,7 millionar kr til integreringsprosjektet Rom for møter med fokus på teknologi, spill og integrering i perioden 2020-2021. Denne satsinga handlar om å førebygge og minke teknologiske skilje i befolkninga, særleg for barn og unge. Løyvinga gjeld heile Vestland. Arbeidet følger blant anna nasjonale satsingar som Spillerom - Dataspillstrategi 2020-2022. Sak om vedtaksriterier for denne satsinga, vert å kome attende til våren 2020.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tiltaket blir løyst innanfor vedteke budsjett for 2020.

**Klima:** Ingen relevans.

**Folkehelse:** Tilgang til bibliotek er ein del av det ålmenne folkehelsearbeidet.

**Regional planstrategi:** Tiltaket følgjer opp satsingar i Regionale kulturplan i Hordaland 2015-2025.

Konklusjon

Integreringsprosjektet *Rom for møte* synleggjer korleis folkebiblioteka kan spele ei viktig lokal rolle for å oppnå politiske mål innan integrering. Samarbeidet med kommunar, frivillige og næringsliv synleggjer korleis fylkeskommune kan bidra, som eit regionalt bindeledd for å koordinere og utvikle viktige samfunnsområda inkludering og integrering.

Fylkesrådmannen tilrår at kr 237 500, som står att i prosjekt Rom for møte 2019 - 2020, i samsvar med vedlagde kriterium, blir lyst ut til kommunane i Hordalands-området. Tildeling vert handsama i Utval for kultur, idrett og integrering i april 2020.